



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga

Saksnummer frå tilsegnsbrev: 2015/65 -21

Rapporteringsskjema

Rapporten skal sendast til Hordaland fylkeskommune, idrett og friluftsliv, Postboks 7900, 5020 Bergen innan 15. januar påfølgande år.

1. SØKJAR

Namn på tiltak: «Vossadans 2015»

Namn på søker: Voss kommune

Adresse: Postboks 145

Postnr: 5701 Poststad: Voss

Kommune/organisasjon: Voss kommune, kommunalavdeling oppvekst

E-post: postmottak.voss@voss.kommune.no

Telefon: 56 51 94 00

3. BRUK AV TILSKOTET

Mottatt tilskott frå Hordaland fylkeskommune, kr 35 000,-

Kort skildring av det gjennomførte tiltaket:

Prosjektet er ei vidareføring av prosjekt Vossadans 2014 og vart i år gjennomført i perioden august – november 2015. Førarbeid /planlegging ved prosjektleiar/instruktør i samarbeid med DKS-kontakt ved kommunalavdeling oppvekst og samarbeidspart Voss Spelmannslag.

Alle 3.klassane i Voss kommune fekk 2 besøk à 1 klokketime av instruktør Astri Sudmann. Elevar og lærarar fekk læra 10 songleikar. Det er utarbeida eit kompendium til hjelp for vidare bruk.

Det vart også gjennomført dans for 5.klasse. Astri Sudmann var instruktør og Arne Anderdal har vore med som spelemann. Opplegget omfattar 2 besøk, dobbelttyme i kvar klasse, med eit variert opplegg av ulike dansar og noko innøving av steg (Vossaspringar og Vossarudl).

Instruktør og Voss Spelmannslag gav i tillegg tilbod om 2 kurskveldar med oppfrisking av Vossadans for tilsette i barnehage og skule. Dette vart gjennomført på frivillig basis, utan prosjektkostnader.

Evaluering: Kontaktlærarar/skulane vart i etterkant bedne om å svara på evalueringsskjema. Samanfatning av svara fylgjer som vedlegg.

Eventuell endring i forhold til søknaden:

Det vart ikkje gitt tilbod om Vossadans på ungdomssteget, grunna mindre tilskot enn beløpa det vart søkt om både frå Hordaland fylkeskommune og Rådet for folkemusikk og folkedans. Tilboda er sett i samanheng med tilbod i Den kulturelle skulesekken Slik vart det tilbod til 2 klassesteg og noko av prosjektkostnader dekka inn der. Tilboden om oppfriskingskurs for personale vart gitt utan prosjektkostnad, grunna frivillig innsats frå instruktør og ekstra støtte frå Spelmannslaget. Budsjett vart såleis justert frå 70 000,- til 55 000,-

Effektar/forventa effektar av tiltaket:

- * Meir fysisk aktivitet i friminutt/utetid
- * Leik og aktivitet på tvers av klassesteg
- * Aktive vaksne i utetida
- * Fysisk aktivitet/dans i ulik fellestid/fellesaktivitet på skulane
- * Vekkja interesse for dans/folkedans, gjera dans kjent for elevane
- * Voss kommune har implementert anti-mobbeprogrammet Zero og me ser at prosjekt Vossadans kan vera eit godt bidrag i dette arbeidet, (inkludering og felles aktivitet)

Tal/forventa tal på brukarar av tiltaket:

Det er vanskeleg å seia noko eksakt om dette! Samla er det om lag 360 elevar som har fått tilbod i «Vossadans» i år, men truleg har mange fleire vore med på ulike danseaktivitetar/leik. Me håpar at dansen lever vidare i skulane no når fleire klassesteg og mange tilsette har hatt denne opplæringa.

REKNESKAP (spesifiser i tråd med søkeradens inntekts- og utgiftspostar)

Utgifter:

| | |
|---|-----------------|
| Undervisning i 3.klasse 9 grupper x 2 besøk, instruktør | 22 500,- |
| Undervisning i 5.klasse 9 grupper x 2 besøk, instruktør | Dekka av DKS |
| -----« ----- , spelemann | 27 000,- |
| Køyregodtgjersle | 1 240,- |
| Oppfriskingskurs for tilsette i barnehage og skule | 0,- |
| Prosjektleiing | 5 000,- |
| Sum | 55 740,- |

Inntekter:

| | |
|--|-----------------|
| Rådet for folkemusikk og folkedans (tilskot til Voss Spelmannslag) | 10 000,- |
| Hordaland fylkeskommune, tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge | 35 000,- |
| Voss kommune | 10 000,- |
| Sum | 55 000,- |



VOSS KOMMUNE
Kommunalavdeling oppvekst

Annlang Helland

Tilbakemeldingar frå skulane: Vossadans hausten 2015

3.klasse (1 skule)

- Tilbodet har fungert kjempeflott på alle måtar
- (Personavhengig, ikkje sikkert det vil fungere like bra om andre overtek)

5.klasse (3 skular/4 klassar)

- Berre positive tilbakemeldingar om danseopplegget
- Informasjon på førehand var bra
- Elevane opplevde dette veldig kjekt
- Instruktør var flink å lære frå seg og gjorde det på ein god måte
- Elevane likte at det var variert med dans, og dans som kjendes som leik
- Alt i alt nøgde elevar
- Eit veldig kjekt opplegg som elevane likar veldig godt, dei kosa seg!
- Instruktør er svært flink til å få alle med seg og skaper ro og konsentrasjon
- Toppen på kransekaka er at dei får dansa til levande musikk! Spelemann er utruleg dyktig
- Må prøva å bruka dansen i gymtimar framover, og gjerne med ei lita oppvisning for foreldre ved høve
- Dette opplegget var topp, elevane var med frå fyrste stund og tida gjekk fort
- Instruktør er veldig flink til å få elevane med + dyktig spelemann
- Pasje lange økter med pausar som t.d. vart brukt til å fortelja om hardingfela
- Alt fungerte godt, berre positive tilbakemeldingar frå elevane
- Vanskeleg å seia kor mykje elevane vil bruka dansen, men truleg vil mange hugsa ein del av trinna seinare. Kanskje det skulle vore eit oppfølgingskurs om eit år eller to?
- Me fekk den informasjonen me hadde bruk for på førehand
- Instruktør/spelemann var tydelege og hadde god kontroll på klassen
- Klassen var veldig positive og ynskte meir av dette
- Nokre av dansane var såpass enkle at til og med eg kan bruka dei litt vidare (lærar)

24.11.15

Stab oppvekst

AH